

Året som har gått – 2023



Eit nytt år er over med mykje kjekk aktivitet og nokre endringar i

idrettslaget. Me vil takke Anders for den jobben han har gjort i IL Fanaråk, i ulike grupper, i styret og dei siste åra som leiar i styret. Framleis er me så heldige at han er ein del av idrettslaget gjennom ulike verv. Stor takk og til Anne Marie som gav seg i styret og som har vore ein del av ulike grupper og styremedlem i mange år. Me er glade for at Elin er blitt leiar i IL Fanaråk og Monica nytt medlem av styret.

Me set stor pris på alle som er med å skapar aktivitet i idrettslaget. Skikarusell og skiløype i Hestahagen og Turtagrø, fotball, volleyball, barneidrett, basistrening og turorientering er faste aktivitetar som me har kvart år. I tillegg har me som tidlegare hatt ulike andre arrangement.

23.februar hadde me fellestur til trimposten i Gjerseggi. Her hadde Stein Birger fyrt opp bålpanna og det blei grilling og god prat. Turen nedatt i snøen gjekk på akebrett og til fots. Tusen takk til Stein Birger og trimgruppa som arrangerte denne turen.

5.mars var det igjen basar og premieutdeling for turorienteringa. Tusen takk til alle som kom og var med på basaren, kjøpte lodd, bidrog med gevinstar, kaker og dugnadsarbeid. Me fekk inn 50530 kr denne ettermiddagen, noko som bidreg til at me kan halde oppe aktiviteten i idrettslaget.

10.mars hadde me Morokveld på Fjordstova. Her var ca 70 stk samla til ulike aktivitetar som klatring, innebandy, Playstation, bordtennis, barneyoga, VR-briller, basistrening og handarbeid. Her samarbeidde me med Fjordstova og Skjolden ungdomslag, og kvelden vart kjekk både for store og små.

I påsken var tid for påskelabyrint og små overraskingar. På fjellet vart det køyrt løype både i Turtagrø og inn til Sognefjellshytta. Veldig kjekt å sjå at løypene blir godt brukte og at folk er ute på tur. Som tidlegare hadde me sett opp vippsnummer for dei som ville sponse løypene og me fekk inn litt pengar på det.

Våren kom med ny stolpejakt sesong, eit samarbeidsprosjekt med dei andre idrettslaga i kommunen og Luster kommune. 2.juni var det på ny Mesternes

mester for barn i Moane i samband med Kulturdagane. Ca 45 stk deltok på ulike aktivitetar.

Hausten starta med friidrettens dag i Hestahagen saman med Luster IL. Ca 40 barn var i full sving i ulike friidrettsaktivitetar. I september gjennomførte me Løp for meg til inntekt for Barnekreftforeninga, tusen takk til Luster sparebank som betalte pr runde borna sprang. Det er veldig motiverande og gir ein fin sum til barnekreftforeninga i tillegg til det som kom inn i påmelding og gjennom kafeen. I oktober månad var det klart for Rosa sløyfe løp, dette er og eit arrangement der inntekta gjekk til kreftforeninga.

Og i år har me markert Verdsdagen for psykisk helse med aktivetskvelde på Fjordstova saman med Skjolden ungdomslag og Fjordstova. Veldig kjekt at over 100 personar var innom på aktivitetane eller for ein god prat denne kvelden. Aktivitetane var mykje som morokvelden i mars.

Førstehjelp og livredning er viktig kompetanse og ha i lokalmiljøet. Saman med Fjordstova og Luster IL arrangerte me i haust livredningskurs. Dette vil me gjere kvar haust, takk til Linda Goldmann som stilte opp som instruktør.

I år har samarbeidslaget Hafslo/Bjørn/Fanaråk stilt i 5., 6. og 7.divisjon. Veldig kjekt at me har fått nokre kampar på Skjolden og spennande

vart det utover hausten då 5.divisjonslaget spelte kvalifisering til 4.divisjon.

Eit spennande prosjekt i 2023 er servicebygget i Turtagrø, eit samarbeidsprosjekt med Luster Røde korps hjelpekorps og Luster kommune. Mykje vil bli ferdig til jul, og me vil ha ei opning der oppe på nyåret. Bygget gjer at me med toalettfasilitetar og ein plass å gå inn dersom veret skulle vere dårleg kan planlegge og bruke Turtagrøområdet meir, ikkje berre til skiaktivitetar. Her må me rette ei takk til Ove Fortun som er organisator og pådrivar og gjer ein imponerande jobb.



Me er avhengig av at folk stiller på dugnad i styret, gruppene og på aktivitetar. Me set stor pris på kvar og ein som bidreg, de er viktige for trivsel og folkehelse i bygdene våre. Og i år



vil me trekke fram to personar som gjer eller har gjort ein flott jobb for idrettslaget.

Den første er Arne Hauge. Arne er ein ja-mann som har bidrege med mykje på mange områder. I idrettslaget har han vore med på ulike arrangement som Tinderittet og Fanaråken opp. Han har og vore ein god mann når det gjeld papirarbeid og praktisk arbeid på anlegga våre som til dømes sandvolleyballbana. I dag er Arne med i trimgruppa og gjer ein flott jobb merking og rydding av stiar.



Den andre me vil trekke fram i år er Vegard Bolstad. Vegard er ein del av kontrollutvalet til IL Fanaråk. Kontrollutval er nokon som har vore nytt dei siste åra og Vegard har sett seg godt inn i kva det innebær og har saman med dei andre i kontrollutvalet gjort ein flott jobb. I tillegg har Vegard ordna opp i heimesidene

våre, fått ordna tilgangar og er byrja med ny heimeside. De finn den på [IL Fanaråk \(fanaraak.no\)](https://www.fanaraak.no). Her finn de informasjon me legg på facebook, lenka til friskus der me legg ut aktivitetar og litt om idrettslaget. Målet er og at me skal få lagt ut turbeskrivelse til trimpostane våre. Nokre ligg der alt, andre kjem etter kvart.

Me avsluttar med å takke for alle fine stunder i 2023! Tusen takk til alle som møter opp på aktivitetane våre og alle som er med å skape aktivitet. Me vil og takke sponsorane våre som bidreg til at me kan halde aktivitetsnivået oppe.

Me ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!

Elin, Stine, Jakob, Vegard, Monica og Mona

